

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dykkar ref.:
Vår ref.: 11696778

Dato: 08.06.2016

Vedlikehold av 22 kV kraftledning til Toska

BKK Nett viser til innspel frå Bergen og Omland Friluftsråd og Radøy kommune i sak som omhandlar tiltak med høgspennmast med råteskade på Maggen.

BOF ynskjer sjøkabling på heile strekket frå Klubbetangen til Flona og argumenterer med at det vil føra til at friluftsområdet Trettholmen vert spart for høgspennmasta, som står der i dag, med tilhøyrande luftspenn. Vidare påpeikar BOF at masta på Trettholmen er skjemmande for ålmenta.

Historikk:

22 kV luftledningen til Toska med sjøkabel over Hjeltefjorden til Sture vart etablert midt på 1980-talet. For å tilfredstillast krav til seglingshøgde gjennom Helleosen og inn til AS Fiskenet sitt anlegg på Mangersøy, vart ledningen bygd med høge spesial-limtremaster.


Då AS Fiskenet fekk behov for å auka seglingshøgda frå 25 til 30 meter, vart det i 2004 lagt sjøkabel frå Klubbetangen til Trettholmen og luftspennet demontert. Limtremastene på Klubbetangen og Trettholmen vart erstatta med nye og lågare kabelmaster. Radøy kommune og AS Fiskenet betalte eit anleggsbidrag for omlegginga.

Etter vegen til Toska kom i 1989 kan berre småbåtar passera gjennom Helleosen og det er det ikkje lenger behov for 15 meter seglingshøgde under luftspennet mellom Maggen og Flona.

BKK Nett har vurdert BOF / Radøy kommune sitt innspel om sjøkabel og to alternative løysingar for feilretting / utskifting av master:


Alt. 1: Sjøkabel frå Klubbetangen til Flona

Legging av armert sjøkabel frå Klubbetangen til Toska. Total lengd ca. 850 meter. Demontering av luftledning, eksisterande sjøkabel og kabelmast på Trettholmen.




Alt. 2: Skifte mast på Maggen til 23 m H-mast

Skifte mast med tilsvarende høg mast som i dag. Ingen eller ubetydeleg endring.



Alt. 3: Skifte mast på Maggen til 12 m H-mast

Fordi det ikkje lenger er behov for 15 meter seglingshøgde under luftspennet mellom Maggen og Flona kan høgspennmasta på Maggen erstattast med ei om lag halvparten så høg mast og leidingen senkast. Dette vil medføra ei ny H-mast vest på Tretholmen.



Kostnader:

I budsjettsummene våre har alternativ 1 ein kostnad på vel 2,5 mill. kroner, medan både alternativ 2 og 3 er kostnadsrekna til godt under 1 mill. kroner, med alternativ 3 som det billegaste.

Den høge kostnaden med alternativ 1 skuldast høg pris på sjøkabelen, innleige av spesialfartøy for utlegging av kabelen, entreprenørarbeid med vanskeleg tilkomst ved opparbeiding av nytt landtak på Flona, samt omfattande arbeid med demontering av luftledning og kabel.

Alternativ 2 vert dyrare enn alternativ 3 fordi det medfører ekstra lange stolpar og spesialtransport frå leverandør på Austlandet.

For alle alternativa er det kalkulert med at høgspennmast lengst sør på Flona óg må skiftast pga. råte.

Konklusjon:

BKK Nett har forståing for at BOF og Radøy kommune ynskjer sjøkabelalternativet, men kan diverre ikkje forsvara ein slik stor kostnad i prosjektet.

Ut frå ei totalvurdering ynskjer BKK Nett å gjennomføra vedlikehaldet etter alternativ 3.

Alternativ 3 er prioritert framfor alternativ 2 på bakgrunn av ei vurdering av arbeidet som skal utførast, framtidig vedlikehald, økonomi og estetikk.

Sjølv om det vert ei ny mast på Trettholmen, vil me hevda at alternativ 3 vert mindre dominerande enn anlegget slik det framstår i dag. BKK Nett ynskjer ein avtale med BOF for den nye masta og vil senda ut eit avtaleforslag om nokre veker.

Me tek atterhald om at Kystverket godkjenner den nye seglingshøgda for alternativ 3.

Likelydande brev er sendt til Radøy kommune.

Vennleg helsing
BKK Nett AS



Helge Dalland
Rådgjevar



Frode Sandvik
Prosjektleiar